

Notat til Planforum - Kommuneplanen sin arealdel, Høyanger kommune.

Planarbeidet pr. jan. 2014.

- Heile plankartet er teikna opp at på nytt.
- Ein har lagt inn funksjonell strandsone som bygge- og deleforbodslinje.
- Ein har lagt inn sikringssone nedslagsfelt drikkevatn, faresone skytebane, omsynssone landskap, bevaring kulturmiljø og naturmiljø, gjennomføringssone fornying, samt sone for bandlegging etter andre lover. Ein har ikkje lagt inn fareområde ras- og skred, flaumsone eller stormflo. Ventar blant anna på oppdaterte faresonekart frå NVE.
- Ein har i stor grad nytta LNF spreidd føremålet som eksisterande føremål på områder med stort innslag av hytter, bustad, eller næringsbygg.
- Ein har lagt inn nye føremål i plankartet, men desse kan bli justert etter kvart som KU, ROS analyse og faresone kjem på plass. Det vil også bli lagt inn fleire område blant anna til næringsføremål.
- Ein har nytta sentrumsføremål på sentrumsområder som i eldre planar er ein kombinasjon av bustad, forretning, næring, offentleg tenesteyting, osv.
- Regulerte vassdrag er vist med høgste og lågaste regulert vasstand. Drikkevatn er vist som eige føremål.
- Ein har lagt inn akvakulturlokalitetar, farled, ferdsel og fiskeressursar i sjø. Ein ser at når akvakulturlokalitetar blir lagt inn med fortøyingar kjem dei i konflikt med anna arealbruk.
- Planomtale med KU og ROS analyse er pr. dags dato kun å sjå som eit førebels dokument under arbeid.
- Kommunedelplan for Stordalen, samt Statens vegvesen sitt prosjekt med ny E39 forbi Vadheim er utelate frå planarbeidet.

Problemstillingar og spørsmål til drøfting

Høyanger kommune ønskjer generelt tilbakemeldingar på arbeidet som er gjort så langt for slik å avklare eventuelle problemstillingar og interessekonfliktar mellom lokale ønskjer og regionale/nasjonale føringar og interesser. Meir spesifikt ønskjer ein også å drøfte følgjande;

1. Konsekvensutgreiing og ROS analyse; Kva krav blir stilt til konsekvensutgreiing Spesielt aktuelt m.o.t. område lagt ut til sentrumsføremål, samt andre arealføremålsendingar som kan sjåast som feilrettingar frå tidlegare planar. Kva legg Planforum i ROS analyse for heile kommunen (Høyanger kommune har allereie ein overordna ROS analyse), og kor omfattande skal ein ROS analyse vere?
2. Sikring av industrikulturminner; Korleis sikrar ein best kulturminne frå industrireisinga i Høyanger tettstad. Spørsmålet gjeld spesielt trappene som går langs røyrgatene til fjells, samt nokre kraftstasjonar med spesiell arkitektonisk framtoning. Dette er anlegg som Statkraft har varsla at dei ønskjer å sanere.

3. Forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag; Høyanger kommune har i planutkastet definert «funksjonell strandsone» og vist den i plankartet som bygge- og deleforbodslinje til sjø og vassdrag. Kva meiner Planforum om dette?
4. Akvakultur; Høyanger kommune ønskjer å drøfte nye lokalitetar til akvakultur, samt avgrensing i plankartet av eksisterande lokalitetar. Om Høyanger kommune avgrensar lokalitetane slik oppdrettarane har spelt inn kjem dei i konflikt med anna arealbruk (hovudfarleie, fiskeressursar).
5. Klimaendringar: Korleis sikrar ein at planen er kvalitativ «god nok» m.o.t. klimaendringar? Kva er forventna havnivåstigning og stormflo (m.o.h)? Kva krav stiller ein i kommuneplanen sin arealdel til bygg og anlegg innanfor ras- og skredutsette område?
6. Høyanger kommune har fått innspel angående å nytte massar frå SFE si utbygging av Østerbø – Randalen kraftverk til fylling i Østerbøvatnet. Dette gjeld bruk av massar til utviding av næringsareal og naust.
7. Høyanger kommune har lagt inn tiltak på Fylkesveg 55 i planutkastet som inneberer oppfølging frå Fylkeskommunen/Statens vegvesen. Er dette realistisk i planperioden?
8. Beredskap i Høyanger tettstad vest for Daleelva (Sæbø). Bør Høyanger kommune planlegge nye veg som kan nyttast til evakuering? Pr. dags dato har ein bare ei køyrbar bru over Daleelva til bustadområde på Sæbø.
9. Utviding av næringsareal i bustadområde. Kva konsekvensar får det for den enkelte bustadeigar om bustadane blir liggande i eit område som er avsett til næringsføremål, men der ein ikkje veit når ein kjem til å nytte området til føremålet?